



Arkivnr: 2017/16698-1

Saksbehandlar: Karl Viken

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.11.2017

Rekneskapsrapport pr. oktober 2017

Samandrag

I samsvar med rapporteringsrutinane legg fylkesrådmannen fram rapport om rekneskapsutviklinga pr. oktober 2017. Årsprognosen pr. oktober byggjer i hovudsak på same vurderingar som tertialrapporten pr. august 2017.

Opplæringssektoren og tannhelseavdelinga har framleis negative prognosar, men desse vert dekkja av at alle andre sektorar og avdelingar melder positive budsjettavvik. Det som gjer at prognosen for 2017 no er positiv er i hovudsak at tilhøve utanfor drifta slår betre ut enn det som vart lagt til grunn tidligare. Dette gjeld for skatteinngang, kraftprisar og rentenivå. Særskilt å nemne er at prognosen for skatteinngangen er betra med om lag 30 mill. kr. Avdelingane og sektorane viser samla ein betre prognose på om lag 30 mill. kr samanlikna med 2. tertial. Ny prognose pr. oktober vert difor eit positivt resultat på 67 mill. kr i 2017 ettersom prognosen etter 1. tertial var eit positivt avvik på 7 mill. kr.

Fylkesrådmannen er nøgd med utviklinga i den økonomiske stoda så langt i 2017. Særskilt positivt er det at alle driftsavdelingane har betra prognosane sine i andre halvår av 2017. For fylkeskommunen totalt er det positivt at prognosen viser overskot, sjølv innanfor eit stramt driftsbudsjett som det er lagt opp til i 2017. Samstundes er dette ikkje nok til å endre den utfordrande økonomiske situasjonen som det må finnast løysingar på dei neste åra.

Økonomi: Ingen effekt. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i høve til vedteke budsjett.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen verknader

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. oktober 2017 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Fylkesrådmannen, 10.11.2017

Gjeldande rapporteringsrutinar inneber at ein i tillegg til tertialrapportering legg fram ei forenkla rekneskapsrapportering til fylkesutvalet pr. månadane februar, juni og oktober. Fylkesrådmannen legg med dette fram rekneskapsrapporten pr. oktober 2017.

I 2. tertialrapport til fylkestinget i oktober rapporterte fylkesrådmannen at prognosen for 2017 var eit mindreforbruk på 7 mill. kr for driftsbudsjettet totalt sett. Vurderingane som ligg til grunn for denne prognosen er i det store og heile uendra. Betringa er likevel 60 mill. kr, og det er 2 hovudmoment som endrar prognosen. Om lag halvparten, 31 mill. kr, kjem av at ein i statsbudsjettet har fått nye tal for skatt og rammetilskot. Det andre som summerer seg til 29 mill. kr i betre prognose, er at mange avdelingsprognosar har endra seg litt i rett retning, og dette gjev betring i totalprognosen. Samla vert totalprognosen vel 60 mill. kr betre; slik at prognostisert årsresultat vert 67 mill. kr. Dei einskilde avdelingsprognosane og endringane frå førre prognose går fram av tabellen til sist i saka.

Nedanfor er ei oppstilling som syner at det meste av den positive årsprognosen til HFK skuldast tilhøve som er utanfor sjølve drifta; 63 mill. kr. Dersom ein ser på sektorane og avdelingane sine årsprognosar kan desse summerast opp til eit lite overskot nær balanse; 4 mill. kr.

		mill. kr
Årsprognose HFK 2017		67
<u>Tilhøve utanom drifta; prognose 2017</u>		
Skatt og rammetilskot		31
Strauminntekter		15
Innsparing lønsavsetjing		9
Renter		8
	Totalt	63
<u>Avdelingar og sektorar driftsbudsjett; prognose 2017</u>		
Samferdsel		23
Eigedomsavdelinga		5
Økonomi- og organisasjon		5
Regionalavdelinga		1
Opplæring		-20
Tannhelse		-8
Politikk, kontroll & fellesfunksjonar		-2
	Totalt	4

Fylkesrådmannen vurderer at det i prognosen er knytt mest uvisse til skuleresultata, vegvedlikehaldet og kollektivtrafikkinntektene. Det same er resultatet på skatteområdet som vert påverka både av nivået på skatteinngangen til HFK, og i kva grad HFK har ein skatteinngang som er over eller under gjennomsnittet av alle fylka.

At årsprognosen går i rett retning og at HFK truleg klarar å halde totalbudsjettet i 2017, er positivt. Viktige årsaker er god økonomistyring i mange einingar, tett oppfølging og gjennomføringa av naudsynte tiltak. Det er likevel viktig å poengtere at eit årsresultat lik prognosen på 67 mill. kr i overskot i 2017 ikkje endrar noko i høve til dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen står overfor. I fyrste rekkje dreier det seg om ei allereie tyngande lånegjeld, i tillegg til ein auke i kostnadane i kommande økonomiplanperiode. Det gjer at det framleis vil vere naudsynt med stramme driftsbudsjett og tiltak som gjev varige kostnadsreduksjonar.

Staus for dei ulike driftsområda

Politisk verksemd, kontrollorgan og fellesfunksjonar

På dette området ligg det an til eit meirforbruk på 2 mill. kr i høve til budsjett. Nær halvparten av dette er på området for politisk verksemd og skuldast mellom anna ekstra politisk møte i 2017.

Eigedom

Eigedomsavdelinga melder eit årsresultat på 5 mill. kr i overskot. Mindreforbruket på dette området er på kostnadssida knytt til reinhaldsdrift, drift av administrasjonsbygg og forsikringskostnader. På inntektssida er leigeinntektene auka i hovudsak som følgje av utleige av Fana gymnas.

Økonomi og organisasjonsavdelinga

For den sentrale stabsavdelinga er det gjennomført mange tiltak også i år, og det har hatt økonomisk effekt i høve til å halde eit stramt budsjett i 2017. Hovudårsaka til at ein får overskot for avdelinga er ein har fått statlege midlar til bruk i arbeidet med regionreforma. Eigne midlar sett av i budsjettet til dette vert då ståande ubrukt. I tillegg ligg det an til eit mindreforbruk på nokre postar slik at prognosen er eit overskot på 5 mill. kr.

Regional

Avdelinga har i 2017 styrt mot balanse, men vurderer at det mest sannsynlege årsresultatet er eit lite overskot på 1 mill. kr. Det er positivt at avdelinga, trass i fleire tilstramingar i økonomien dei siste åra, klarar å halde budsjetttramma også i 2017.

Utover det som ligg i prognosen er det i budsjettet sett av midlar til 2 hydrogenfyllestasjonar. Dette er ei eingongsløyving på 4 mill. kr (PS 290/2015), og dette prosjektet kjem no til gjennomføring. Sidan vedtaket vart gjort i 2015 er finansieringa endra ettersom det statlege tilskotet frå ENOVA er auka. Dersom den fylkeskommunale løyvinga ikkje er naudsynt for å realisere prosjektet, vil fylkesrådmannen i samband med avslutninga av rekneskapen for 2017 koma attende til disponering av desse midlane.

Samferdsel

For vegvedlikehaldet melder regionvegsejefen at det kan gå mot ei overskriding også i 2017 i høve til løyvinga på dette området. Det er venta eit samla meirforbruk på om lag 24 mill. kr, og dette skuldast i hovudsak at prognosane for driftskontaktane viser eit meirforbruk. I tillegg er det meirkostnader i rekneskapen for 2017 knytt til opprydding etter uvær og skred; mellom anna i Tokagjelet. Deler av overskridinga skuldast etterverknader av tidlegare års hendingar med storm og uver.

For dei delane av budsjettet som ligg på samferdselsavdelinga ligg ein an til eit overskot på 7 mill. kr. Overskotet kjem av mindreforbruk på fleire område; mellom anna transportordninga og planmidlar.

Når det gjeld økonomien på kollektivområdet, så er det ein god trend som gjer at prognosen i høve til 2. tertial vert betra med 10 mill. kr. Prognosen for 2017 er no eit overskot på 40 mill. kr. Inntektsida viser ein positiv trend, og er no over budsjettert nivå. Vidare er det fleire område som bidreg til den positive prognosen; mellom anna skuleskyss og innsparingar på fleire operatørkontraktar. I prognosen er det teke høgde for usikre inntekter og udekka kostnader i samband med gjennomføring av sykkel-VM.

Det er framleis noko uvisse når det står att 2 månadar av 2017, men dersom ein summerer prognosane for vegvedlikehaldet, budsjettområda på samferdselsavdelinga og kollektivområdet er sektorprognosen for 2017 eit overskot på 23 mill. kr.

Kultur og idrett

Det er ingen særskilde budsjettavvik på dette området pr. oktober. Det er liten risiko for eit underskot i 2017, men vakansar kan gjera at avdelinga kan få eit mindre overskot ved årets slutt.

Tannhelse

Tannhelse ligg litt betre an økonomisk pr. oktober enn det som har vorte rapportert tidligare i 2017. Avdelinga ligg også betre an enn i fjor. I 2016 vart resultatet eit underskot på 12 mill. kr, medan årsprognosen no er eit underskot på om lag 8 mill. kr. Betringa skuldast noko mindre forbruk jamt over som reduserer kostnadane noko. Samstundes er inntektene auka med om lag 2 mill. kr. At årsprognosen går rette vegen kan samanfalla med at det er eit stort fokus på økonomi i tannhelsesektoren.

Tannhelseområdet har likevel framleis ein utfordrande situasjon, og det må gjennomførast fleire grep før den økonomiske stoda er god. Utover drift med prognose om underskot, er det også utfordrande at sektoren har redusert buffer i form av frie fond. Desse fondsmidlane er tidligare nytta til utdanningsføremål eller til å dekke underskot einskilde år i ulike distrikt. Pr. oktober har om lag 2/3 av dei 45 klinikkane negative årsprognosar. Prognosen for klinikkane er underskot på til saman 5 mill. kr. I tillegg har TK Vest eit negativt budsjettavvik, og ligg an til eit underskot på om lag 3 mill. kr. Sommert vert årsprognosen for tannhelse eit underskot på 8 mill. kr i 2017.

Opplæring

Årsprognosen pr. 2. tertial for opplæringssektoren var ei budsjettoverskriding på 28 mill. kr. Denne prognosen er no betra med 8 mill. kr; slik at opplæring melder eit negativt budsjettavvik på 20 mill. kr ved årsslutt. Prognosen for skuleresultata er endra frå 7 mill. kr til 11 mill. kr i underskot. For opplæringssektoren utanom skulane vert det meldt prognose om overskriding på 9 mill. kr. Dette er grunna i meirforbruk for mellom anna fagopplæring og vaksenopplæring. Det største budsjettmessige underskotet er på vaksenopplæringsområdet der ein ventar eit meirforbruk på 7 mill. kr.

Samla sett er årsprognosen for sektoren eit underskot på 20 mill. kr. Det er positivt at prognosen for sektoren går rette vegen, i og med at ein negativ trend på dette viktige budsjettområdet tidligare har gjeve konsekvensar for totalresultatet til fylkeskommunen.

Skatt og rammetilskot

Skattetala pr. oktober er ikkje heilt klare, men utviklinga dei siste månadane gjev grunnlag for ein positiv årsprognose. Skatteinngangen i Hordaland har i 2017 utvikla seg svakare enn landsgjennomsnittet. Pr. september ligg ein 60,0 mill. kr under budsjettet. Men når ein ser på resultatet på skatteområdet er det eit overskot på 13,6 mill. kr i høve til budsjett pr. september. Dette kjem av at HFK ligg under gjennomsnittleg skatteinngang i landet, og vert kompensert for dette gjennom inntektsutjamning mellom fylka.

I oktober i samband med framlegging av statsbudsjettet for 2018 vart overslaget for samla frie inntekter og skatt for 2017 for kommunesektoren endra. Det er framleis noko uvisse rundt skatteinntektene dei 3 siste månadane av året, men årsprognosen for skatt og rammeinntekter vert endra i samsvar med det endra overslaget på sentralt hald. Årsprognosen på dette området vert då eit budsjettmessig overskot på 31 mill. kr.

Renter og avdrag

For dette området vert det rapportert ei innsparing i høve til budsjettert rente- og avdragsnivå. Innsparinga er no stipulert til å verte om lag 8 mill. kr. i 2017. Dette er ei noko større innsparing enn tidligare rapportert, og dette er grunna i særskilde låge oppnådde renter. Rentene er godt under budsjettert nivå, og lågaste renta som er oppnådd i år er om lag 0,8 %. Når det gjeld fylkeskommunen sine innskot, så oppnår ein eit rentenivå på desse midlane som er minst like høgt som det som er budsjettert.

Kraftinntekter

Det er budsjettert med netto inntekt på 40 mill. kr frå sal av konsesjonskraft i 2017. Marknadspriisen på kraft tok seg noko opp i fjor haust, og har i år for det meste halde seg i området 20-30 øre pr. kWh. Utifrå desse prisane tilseier prognosane at ein i 2017 kan kome opp i 55 mill. kr i netto inntekt. Med dette vil ein oppnå 15 mill. kr betre enn det som er budsjettert.

Pensjon og lønsavsetjing

Ved 2. tertial la HFK til grunn at berekningane til pensjonsleverandørane KLP og Statens Pensjonskasse som vart lagt til grunn for 2017 skulle halde seg ut året. Det har dei i hovudsak gjort, og ein har ikkje nye opplysningar som skulle tilseia at vi får vesentlege budsjettavvik på dette området i år. Når det gjeld den budsjetterte lønsavsetjinga så er det venta ei innsparing i og med at lønsoppgjeret for 2017 vart avslutta med ein gjennomsnittleg lønsauke som var mindre enn det som det vart tatt høgde for i budsjettet. Det positive budsjettavviket er rekna til 9 mill. kr.

Oppsummering

Tabelloversynet under rapporten viser rekneskapen pr. oktober 2017. Med rett budsjettperiodisering og jamt forbruk gjennom året, kan rapporten gje ein god peikepinn på den økonomiske stoda i dei ulike sektorane. Noko uvisse er det framleis på fleire område, men årsprognosen er sett til 67 mill. kr i positivt budsjettavvik ved utgangen av året. Dette er betring på 60 mill. kr i høve til årsprognosen pr. 2. tertial; då prognosen var 7 mill. kr. i positivt budsjettavvik.

Tabell med status pr. 31. oktober 2017 etter funksjonsgruppe (tal i heile tusen)

	Rekneskap okt. 2017	Årsbud.	Forbruk i % av årsbud	Prognose avvik	Prognose aug	Rekneskap okt. 2016
Politisk, kontroll, fylkesrådm.						
Kostnader:	55 693	59 221	94,0 %			49 302
Inntekter:	-4 642	-2 562	181,2 %			-3 995
Netto	51 051	56 659	90,1 %	-2 000	-1 000	45 307
Eigedom						
Kostnader:	227 688	258 129	88,2 %			178 931
Inntekter:	-57 634	-36 159	159,4 %			-36 499
Netto	170 054	221 970	76,6 %	5 000	4 000	142 432
Økonomi- og org.avd.						
Kostnader:	132 293	170 355	77,7 %			147 592
Inntekter:	-13 866	-11 300	122,7 %			-13 902
Netto	118 427	159 055	74,5 %	5 000	4 000	133 690
Regional utvikling						
Kostnader:	241 789	214 676	112,6 %			153 098
Inntekter:	-121 608	-124 746	97,5 %			-166 864
Netto	120 181	89 930	133,6 %	1 000	0	-13 766
Samferdsel						
Kostnader:	2 449 779	3 104 072	78,9 %			2 837 021
Inntekter:	-1 036 535	-1 201 968	86,2 %			-1 102 100
Netto	1 413 244	1 902 104	74,3 %	23 000	13 000	1 734 921
Kultur og idrett						
Kostnader:	302 465	416 590	72,6 %			282 568
Inntekter:	-230 131	-205 624	111,9 %			-231 416
Netto	72 334	210 966	34,3 %	0	0	51 152
Tannhelse						
Kostnader:	277 994	310 209	89,6 %			292 163

Inntekter:	-110 640	-105 985	104,4 %			-114 617
Netto	167 355	204 224	81,9 %	-8 000	-10 000	177 546
Opplæring						
Kostnader:	2 453 183	2 995 898	81,9 %			2 738 862
Inntekter:	-359 312	-261 218	137,6 %			-402 000
Netto	2 093 871	2 734 680	76,6 %	-20 000	-28 000	2 336 862
Skatt og rammetilskot						
Inntekter:	-5 423 220	-6 376 000	85,1 %			-5 284 541
Netto	-5 423 220	-6 376 000	85,1 %	31 000	0	-5 284 541
Renter og avdrag						
Kostnader:	162 557	751 000	21,6 %			167 620
Inntekter:	-27 988	-33 000	84,8 %			-35 133
Netto	134 569	718 000	18,7 %	8 000	5 000	132 487
Kraftinntekter						
Kostnader:	43 885	50 000	87,8 %			44 486
Inntekter:	-103 077	-111 000	92,9 %			-94 779
Netto	-59 191	-61 000	97,0 %	15 000	15 000	-50 293
Fellesfunksjonar/lønsavsetj.						
Kostnader:	175 220	309 685	56,6 %			124 888
Inntekter:	-250 715	-170 273	147,2 %			-844 059
Netto	-75 495	139 412	-54,2 %	9 000	5 000	-719 171
NETTO FYLKET TOTALT	-1 216 822			67 000	7 000	-1 313 374